



Stad kommune

Årsbudsjett 2020

Økonomiplan 2020-2023



Arkivsak: Stad kommune 19/793

Versjon dato: 13.12.2019

Vedeke: KS 19/067

1. Innleiing.....	3
2. Samandrag.....	5
3. Samanheng mellom økonomiplan og kommunen sitt plansystem.....	7
4. Kommunen sine rammevilkår	8
4.1 Folketal.....	8
4.1.1 Utvikling i folketalet i Eid og Selje siste 10 år	8
4.1.2 Innbyggjarprofil	9
4.1.3 Prognose for framtidig folketal	10
4.2 Frie inntekter frå staten	10
4.2.1 Statsbudsjettet 2020	11
4.2.2 Rentekompensasjon for investeringar	13
4.3 Andre tilskot	14
4.4 Andre finansielle postar	14
1.5 Gjeld og finansutgifter.....	19
4.6 Premieavvik pensjon	20
4.7 Andre budsjettføresetnader.....	21
5. KOSTRA.....	21
6. Konsekvensjustert oversyn	22
6.1 Tabell 1 konsekvensjustert budsjett 2020 – økonomiplan 2020-2023	22
7. Nærare oversikt frå rammeområda.....	23
7.1 Sentraladministrasjonen inkl politisk styring	23
7.1.1 Kort om rammeområdet	23
7.1.2 Forklaring på kva som inngår i rammeområdet	23
7.2 Oppvekst og opplæring	26
7.2.1 Kort om rammeområdet	26
7.2.2 Forklaring på kva som inngår i rammeområdet	26
7.3 Helse og omsorg.....	27
7.3.1 Kort om rammeområdet	27
7.3.2 Forklaring på kva som inngår i rammeområdet	27
7.4 Areal og eigedom	28
7.4.1 Kort om rammeområdet	28
7.4.2 Forklaring på kva som inngår i rammeområdet	29
7.5 Kultur og samfunn	30
7.5.1 Kort om rammeområdet	30
7.5.2 Forklaring på kva som inngår i rammeområdet	31
8. Balansert budsjett inkl. tiltak og endringar	32
8.1 Endringar og tiltak	32
8.2 Kommunedirektøren si tilråding til driftsbudsjett – tabell 1 balansert.....	35
8.3 Kommentarar pr rammeområde.....	36
8.3.1 Sentraladministrasjonen	36
8.3.2 Oppvekst og opplæring	36
8.3.3 Helse og omsorg.....	36
8.3.4 Areal og eigedom	37
8.3.5 Kultur og samfunn	38
9. Investeringar	39

9.1	Kommunedirektøren si tilråding til investeringar 2020	39
10	Finansielle nøkkeltal 2020-2023 og div budsjettføresetnader	40
11	Budsjettoppstillingar / tabellar	42
11.1	Tabell 1 – Driftsbudsjett 2020 – Økonomiplan 2020-2023	42
11.2	Investeringsprosjekt 2020	43
11.3	Økonomisk oversikter drift og budsjettkjema drift og investering	44
12.	Kommunestyret sitt vedtak KS 19/067, 13.12.2019.....	47

1. Innleiing

Lovgrunnlaget for kommunens budsjett og økonomiplanarbeid finn vi i ny kommunelova kap 14, gjeldande fra 01.01.2020:

§ 14-2.Kommunestyrets og fylkestingets plikter

Kommunestyret og fylkestinget skal selv vedta

- a) økonomiplanen og årsbudsjettet
- b) årsregnskapene og årsberetningene
- c) finansielle måltall for utviklingen av kommunens eller fylkeskommunens økonomi
- d) regler for økonomiforvaltningen (økonomireglement)
- e) regler for finans- og gjeldsforvaltningen (finansreglement).

§ 14-3.Behandling av økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning

Økonomiplanen for de neste fire årene og årsbudsjettet for det kommende året skal vedtas før årsskiftet.

Årsregnskapene og årsberetningene skal vedtas senest seks måneder etter regnskapsårets slutt.

Hvert årsregnskap skal behandles samtidig med tilhørende årsberetning. Vedtaket om årsregnskap skal angi hvordan et eventuelt merforbruk i driftsregnskapet skal dekkes inn.

Formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning. Kontrollutvalget skal uttale seg til kommunestyret eller fylkestinget om årsregnskapene og årsberetningene før formannskapet eller fylkesutvalget innstiller til vedtak. I kommuner og fylkeskommuner med parlamentarisk styreform innstiller kommunerådet eller fylkesrådet til vedtak.

Innstillingen til økonomiplan og årsbudsjett, med alle forslag til vedtak som foreligger, skal offentliggjøres minst 14 dager før kommunestyret eller fylkestinget behandler den. Dette gjelder ikke for innstillinger om endring i vedtatt økonomiplan eller årsbudsjett.

Økonomiplanen, årsbudsjettet, årsregnskapene, årsberetningene og saksdokumentene fra det innstilende organet skal sendes departementet til orientering. Dette gjelder også revisjonsberetningen og kontrollutvalgets uttalelser til årsregnskapene og årsberetningene. Departementet kan gi forskrift om frister for disse oversendelsene.

§ 14-4.Økonomiplan og årsbudsjett

Økonomiplanen skal vise hvordan langsigte utfordringer, mål og strategier i kommunale og regionale planer skal følges opp.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets eller fylkestingets prioriteringer og bevilgninger og de målene og premissene som økonomiplanen og årsbudsjettet bygger på. De skal også vise utviklingen i kommunens eller fylkeskommunens økonomi og utviklingen i gjeld og andre vesentlige langsigte forpliktelser. Vedtaket om årsbudsjett skal angi hvor mye lån som skal tas opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settes opp i balanse og være realistiske, fullstendige og oversiktlige.

Økonomiplanen skal deles inn i en driftsdel og en investeringsdel. Årsbudsjettet skal deles inn i et driftsbudsjett og et investeringsbudsjett og stilles opp på samme måte som økonomiplanen.

Økonomiplanen kan inngå i eller utgjøre kommuneplanens handlingsdel etter plan- og bygningsloven § 11-1 fjerde ledd.

Departementet kan gi forskrift om bevilningsoversikter, økonomiske oversikter og oversikter over utviklingen i gjeld.

§ 14-5. Årsbudsjettets bindende virkning. Budsjettstyring

Årsbudsjettet er bindende for kommunestyret, fylkestinget og underordnede organer. Første punktum er ikke til hinder for at kommunestyret eller fylkestinget kan gi et underordnet organ myndighet til å avgjøre at deler av en bevilgning i driftsbudsjettet skal benyttes til å finansiere utgifter i

investeringsregnskapet. Første punktum gjelder ikke for utbetalinger som kommunen eller fylkeskommunen har en rettslig plikt til å foreta.

Kommunestyret eller fylkestinget skal endre årsbudsjettet når det er nødvendig for å oppfylle lovens krav om realisme og balanse.

Kommunedirektøren skal minst to ganger i året rapportere til kommunestyret eller fylkestinget om utviklingen i inntekter og utgifter, sammenholdt med årsbudsjettet. Hvis utviklingen tilsier vesentlige avvik, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årsbudsjettet.

Hvis årsregnskapet legges fram med et merforbruk i driftsregnskapet, skal kommunedirektøren foreslå endringer i årets budsjett. Saken skal behandles av kommunestyret eller fylkestinget senest 30. juni.

§ 14-10. Balanse i økonomiplanen og årsbudsjettet

All bruk av midler i årsbudsjettet skal ha dekning i årets tilgang på midler.

Driftsbudsjettet skal dekke avdrag på lån med et beløp som minst tilsvarer avdrag beregnet etter § 14-18.

Årsbudsjettet skal dekke inn tidligere års merforbruk i driftsregnskapet og udekket beløp i investeringsregnskapet etter reglene i §§ 14-11 og 14-12.

Midler som etter lov eller avtale er reservert for særskilte formål, og som ikke benyttes i budsjettåret, skal settes av til et bundet fond.

Årsbudsjettet skal dekke avsetninger som er nødvendige for en god kommunal økonomiforvaltning. Investeringene skal over tid ha en egenfinansiering som ivaretar kommunens eller fylkeskommunens økonomiske handleevne.

Første til femte ledd gjelder på tilsvarende måte for hvert enkelt år i økonomiplanen.

Konsekvensjustert budsjett

For å få oversikt over den økonomiske handlefridomen i økonomiplanperioden, utarbeider kommunedirektøren ei konsekvensjustert budsjettoversikt. Med utgangspunkt i inneverande års budsjett, syner vi konsekvensane av å oppretthalde dei driftsaktivitetar vi har i dag, gjennom heile planperioden. I tillegg er krav til tenesteyting etter lovverket og finansutgiftene knytt til dei investeringar som kommunestyret har vedteke ved siste rullering av økonomiplanen, lagd inn.

Avdelingsleiarane samarbeider med økonomiavdelinga om dette, og kommunalsjefane deltek i utarbeidingsa av det detaljerte budsjettet til den enkelte avdeling. Dette gir samla ei god forståing for den enkelte avdeling sin økonomiske situasjon. Dette gir også ei betre kontakt mellom avdelingsleiarane, kommunalsjefane og økonomiavdelinga i budsjett og rekneskapsspørsmål.

Tidsplanen for arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan er i hovudsak som følgjer:

Økonomiplan 2020 – 2023 til Partssamansett utval og Fellesnemnda	Juni
Budsjetrundskriv til avdelingane	Tidleg august
Administrativ handsaming i avdelingane	August – september
Konsekvensjustert budsjett presentert Partssamansett utval og Fellesnemnda	17. oktober
Konsekvensjustert budsjett presentert til finansutvalet/formannskapet	31. oktober
Saldert budsjett frå kommunedirektør til handsaming i finansutvalet/formannskapet	15. november
Saldert budsjett til handsaming i råda i Eid kommune og Selje kommune	25. november
Saldert budsjett til handsaming i hovudutval	26. og 27. november
Saldert budsjett til handsaming i administrasjonsutvalet	28. november
Frå finansutvalet/formannskapet til kommunestyret	28. november
Kommunestyrevedtak	13. desember

I tillegg vil budsjettet bli handsama i møte med hovudtillitsvalde og i avdelingsleiarmøte.

2. Samandrag

Strukturen til ein kommune fortel om korleis arbeidsdelinga er og korleis arbeidsoppgåvene blir koordinert. Endringane i velferdstenestene krev nye måtar å arbeide på, og ein organisasjon må vere føremålstenleg strukturert for at den skal fungere optimalt og operere effektivt. Medan samhandling og samarbeid tidlegare har blitt omtalt som eitt av fleire tiltak for å gi betre tenester, er det no eit mål at dette blir sjølvé strukturen i utforminga av velferdstenestene i Stad kommune. Dette er basert på tanken om at betre samarbeid med innbyggjarane og dei ulike aktørane vil gje eit betre og meir heilskapleg tenestetilbod. Den tradisjonelle organiseringa av primærstrukturen i offentleg sektor vil ein også finne att i strukturen til Stad kommune, men det er ved val av organisasjonsform også lagt vekt på at meir av arbeidet skal skje i ulike former for tverrfaglege team. Det blir i Stad kommune forventa auka samhandling mellom ulike fagområde og brukarane av tenestene våre.

Stad kommune er ei kommune med lange avstandar der innbyggjarane bur spreidd i heile kommunen. Dette gjer at det er behov for å oppretthalde desentraliserte teneste om lag som det var i Eid og Selje før kommunesamanslåinga.

Som ein vil sjå i kap 4.1.1 - 4.1.3 om folketal, så vil det vere ei utfordring å få vekst i folketalet i åra framover, i alle fall på lik line med landsgjennomsnittet. Dersom Stad kommune ikkje får vekst i folketalet, så vil det gå ut over kommunen sine samla frie inntekter. I tabell 1 kap 6.1 er dei frie inntektene for åra 2021-2023 lagt inn med same forhold til landsgjennomsnittet som ein har pr 01.01.2020.

Dei siste åra har Eid kommune hatt god vekst i folketalet, der veksten i Nordfjordeid sentrum er blitt spesielt forsterka. Dette ser vi også ved at Eid kommune har lagt på fylkestoppen i fleire år knytt til nye bustadeiningar. Vidare har handel i kroner pr innbyggjar hatt ei veldig positiv utvikling dei siste åra, noko som har styrka Nordfjordeid som eit regionalt handelssenter.

Det er viktig for ein kommune å ha eit sterkt administrasjonssenter som legg til rette for handel og vekst som innbyggjarane i kommunen treng. Dette er avgjerande for ein samla vekst i kommunen, både i bygdene og i kommunesenteret. I tillegg gjer dette at kommunen vert attraktiv som ein stad å bu og besøke. Vi må støtte opp om og legge til rette for at denne utviklinga kan halde fram.

Samtidig må vi skape bulyst og vekst i bygdene. Vi må ta omsyn til nye teknologiske løysingar mm for å kunne levere tenester innanfor neverande og framtidige rammer. Fokus på innovasjon, samarbeid på tvers av tradisjonelle skilje, klima, miljø og digitalisering blir difor viktig.

Frå den vedtekne intensjonsavtalen for kommunesamanslåinga kan vi også merke oss følgjande satsingspunkt:

- Utvikle desentraliserte tenestetilbod folk treng i kvardagen - som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtildel - i alle deler av kommunen.
- Bli blant dei beste kommunane i Noreg innanfor skule/utdanning og kultur
- Sørgje for ein effektiv tenesteproduksjon der tenester folk treng i kvardagen blir gitt nær der folk bur, medan forvaltingstenester og administrasjon blir effektivisert og digitalisert i så stor grad som råd er.

Stad kommunen har høg lånegjeld. Den utgjer 120% av brutto driftsinntekt og blant dei høgaste i landet målt i prosent av brutto driftsinntekt. Landsgjennomsnittet er på 105%. Dette gjer at ein større del av kommunen sine frie inntekter går til dekning av rente og avdrag, og ein får ei større utfordring med å balansere kommunen sitt budsjett. I lånegjelda ligg det likevel mange gode og nødvendige tiltak. Dei største er nytt omsorgssenter på Nordfjordeid, ny gymshal/fleirbrukshall ved Nordfjordeid skule, Hågaåsen bustadfelt, utfylling og park ved Nordøyane på Nordfjordeid, kjøp av kommunehuset i Selje, rehabilitering av symjehall i Selje. I tillegg mange mindre tiltak som bidreg til ein betre kvardag både for innbyggjarar og tilsette. Men ein må også vere bevisst på at nye og større kommunale bygg og anlegg krev meir straum, reinhald, vedlikehald og anna oppfølging, som må dekkast inn i kommunen sitt driftsbudsjett.

Vi ser ei utfordring for Stad kommune når det gjeld å handtere utgiftene kring lånegjelda. Dette gjer det vanskeleg å finne rom for mange nye og store investeringsprosjekt dei nærmeste åra, utan at disse har med seg inntekter som bidreg til å finansiere investeringa. Målet må vere at kommunen ikkje vedtek meir i nye årlege lån enn det ein betalar i årlege avdrag. Her kan ein halde sjølvkostprosjekta utanfor.

Det er dei sentrale partane som gjennom forhandlingar set rammene for lønsveksten i kommunen. Det har over fleire år vist seg at lønsauken og pensjonskostnad ikkje fullt ut blir dekt inn gjennom statsbudsjetta. Dette betyr at kommunane har ein realnedgang i inntektene knytt til dette.

Utgifter knytt til helseteneste retta mot enkeltbrukarar er sterkt veksande for heile landet, også for Stad kommune. Spesielt har vi sett dette innafor psykiatri og vernepleie. Disse to tenesteområda står for ein stor del av veksten i kommunen sine samla utgifter til tenesteyting dei siste åra.

Sidan 2004 har staten sine utbetalingar til kommunane for ressurskrevjande tenester blitt meir enn tredobla. Kommunane sin eigendel i tenestene har fått same veksten.

Staten sin innstramming i mottak av flykningar gjer at kommunane ikkje lenger får det tal flyktingar som ein har vedteke å ta imot, og som ein har rigga organisasjonen for å handtere. Stad kommune får ein sterk nedgang i flyktingtilskotet, utan at ein samtidig greier å redusere utgiftene tilsvarande. Ein mister her stordriftsfordelen.


Sjølv om Stad kommune får ein vekst i dei frie inntektene nær gjennomsnittet for kommunane frå 2019 til 2020, så gjer alt dette at kommunen står overfor store utfordringar med å balansere budsjettet i 2020.

3. Samanheng mellom økonomiplan og kommunen sitt plansystem

Mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og for kommunen som organisasjon, vert fastsett i kommuneplanen sin samfunnsdel, jf. plan- og bygningslova § 11-2. Stad kommune startar utarbeidning av samfunnsdelen i 2020, og hovudfokus i 2020 vert gjennomføring av tiltak som er vedtekne i forkant av kommunesammanslåinga. Arbeid med ny handlingsdel vil starte opp våren 2020. Handlingsdelen og økonomiplanen skal syne korleis Stad kommune prioriterer å gjennomføre tiltak innanfor tilgjengelege økonomiske rammer.

Plansystemet i kommunane

I kommunane sin samfunnsdel skal det kome fram kva som er kommunane sitt mål for framtidig utvikling, og korleis ein vil at samfunnet vårt skal vere i framtida. På eit overordna nivå skal det leggast strategiar for kva tiltak kommunen vil nytte i arbeidet med å påverke utviklinga i ynskt retning. Strategiane har innverknad på korleis ressursbruken vil bli prioritert for å nærme oss måla. Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel skal vise mål og strategiar i eit 12-års perspektiv. Handlingsdelen skal vise prioriterte mål og tiltak i eit 4-års perspektiv. Handlingsdelen med økonomiplan skal reviderast kvart år. Handlingsdelen skal alltid vere oppdatert, noko som gjer den godt eigna til å fange opp endringar som har skjedd gjennom året. Kommuneplanen sin arealdel og samfunnsdel skal reviderast etter behov. Behov for revidering vert vurdert i planstrategien. Planstrategien skal handsamast av kommunestyret minst kvart 4. år.



4. Kommunen sine rammevilkår

4.1 Folketal

4.1.1 Utvikling i folketalet i Eid og Selje siste 10 år

Nedanfor er det lagt inn tabellar for historisk utvikling i folketalet dei siste ti åra for Eid kommune, Selje kommune og området for grensejusteringa.

Tabell 1

Pr. 01.01	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Eid kommune	5849	5905	5950	5920	5926	5987	6015	6064	6157	6151
Selje kommune	2821	2810	2831	2789	2782	2752	2774	2791	2757	2747
Grensejusteringa	591	584	571	570	556	549	543	531	526	515
Totalt	9261	9299	9352	9279	9264	9288	9332	9386	9440	9413

Tabell 2

	Prosent endring 2010-2019 (10 år)	Gj. snitt pr år 2010-2019	Prosent endring 2015-2019 (5 år)	Gj. snitt pr år 2015-2019
Eid kommune	5,16%	0,52%	2,74%	0,55%
Selje kommune	-2,62%	-0,26%	-0,18%	-0,04%
Grensejusteringa	-12,86%	-1,29%	-6,19%	-1,24%
Totalt	1,64%	0,16%	1,35%	0,27%
Landet	10,56%	1,06%	4,22%	0,84%


Tabellane ovanfor viser at folketalsutviklinga har vore veldig forskjellig dei siste 10 åra for Eid kommune, Selje kommune og området for grensjusteringa.

Eid kommune har hatt ein vekst på 302 innbyggjarar og +5,16% siste ti år. Selje kommune har hatt ein nedgang på 74 innbyggjarar og -2,62%, medan området for grensejusteringa har hatt ein nedgang på 76 innbyggjarar og minus 12,86% dei siste 10 åra. Same tendensen ser vi ved å sjå på siste fem år (jf tabell 1 og 2 ovanfor).

Samla har disse områda som utgjer nye Stad kommune hatt ein årleg vekst på gjennomsnittleg 0,16% siste ti år, medan landet har hatt ein gjennomsnittleg årleg vekst på 1,06% for same periode.


4.1.2 Innbyggjarprofil

Aldersfordeling Eid kommune pr. 01.01.2019:



Kilde: Befolking, Statistisk sentralbyrå

Aldrsfordeling Selje kommune pr 01.01.2019:



Kilde: Befolking, Statistisk sentralbyrå

Dei to profilane ovanfor syner korleis folketalet er fordelt på 5 års intervall frå 0 til 100 år pr 01.01.2019. Vi ser tydeleg at Eid har ein vesentleg større del av befolkninga i aldrsgruppene under 50 år. Vi har ikkje fått laga slik profil for grensejusteringa, men den er ikkje ulik profilen for Selje kommune.

4.1.3 Prognose for framtidig folketal

Tabell 3

Framskriving folketal Frå SSB 17.06.2019	2020	2025	2030	2035	2040	Endring 2020-2040
Område "Eid Kommune"	6173	6243	6315	6378	6442	269
Område "Selje kommune"	2735	2678	2617	2560	2502	-233
Grensejusteringa	512	487	462	450	445	-67
Stad kommune	9420	9408	9394	9388	9389	-31

Tabellen ovanfor er henta frå SSB sin prognosemodell pr 17. juni 2019, og byggjer på middels nasjonal vekst, middels aldring og låg innvandring. Det er foreløpig ikkje laga nokon samla modell for Stad kommune hos SSB. Vi har difor valgt å synleggjere dei to kommunane og grensjusteringa kvar for seg, og deretter laga ein sum kolonne for samla utvikling.

I den vedtekne intensjonsavtalen for kommunesamanslåinga mellom Eid kommune og Selje kommune står mellom anna følgjande under kap 1:

- *Den nye kommunen skal ha ein folketalsvekst i den nye kommunen på eller over landssnittet, for å sikre inntekter og kommuneøkonomi til å gje gode tenester til alle innbyggjarane*

I frå SSB sine prognosar ser det ut til å bli ei utfordring å nå måla om folketalssauke. Prognosar som byggjer på framskriving av folketalet ut frå historiske data og ut frå aldersguppene som er i områda pr i dag, syner at folketalet vil halde seg stabilt og stort sett om lag uendra. Prognosar syner vidare at det vil bli ei ganske stor intern endring ved at talet på born i grunnskulealder går ned (6-15 år) og talet på eldre over 67 år går opp. Dette vil på sikt kunne føre til ei dreining på kva ein treng av kvalifikasjonar hos tilsett personell og type kommunale bygg.

4.2 Frie inntekter frå staten

Frie inntekter frå staten består i hovudsak av rammetilskot, inntektsutjamning, skatteinntekter og andre ikkje øyremerka statlege tilskot, og er hovudfinansieringskjelda for driftsrammene for kommunen.

Rammetilskot

Kommunen får ei fast inntekt frå staten i rammetilskotet. Ein del av beløpet kjem som eit likt beløp pr. innbyggjar for alle kommunane, medan ein del kjem gjennom utgiftsutjamninga.

Gjennom utgiftsutjamninga skal kommunane i prinsippet fullt ut kompenseraast for utgifter ved tenesteytinga. Kostnadsnøkkelen er den mekanismen i inntektssystemet som i praksis syt for dette, og som fordeler rammetilskotet til kommunane etter deira varierande behov. Gjennom kostnadsnøkkelen og eit sett med årleg oppdatert kriteriedata (28 stk) blir det berekna eit utgiftsbehov for den enkelte kommune. Kostnadsnøkkelen er sett saman av objektive kriteria som kommunen i liten grad kan påverke gjennom eigne val og prioriteringar. Alderskriteria/-fordelinga er ”grunnmuren” i kostnadsnøkkelen. Sidan alderskriteria ikkje tek i vare etterspørselet etter kommunale teneste fullt ut, er kostnadsnøkkelen supplert med ulike sosiale kriteria som tek omsyn til at etterspørselet etter kommunale teneste også er påverka av levekår, helsetilstand, busetnadsmønster, m.m.

Inntektsutjamning

Inntektsutjamninga er ei omfordeling av skatteinntektene mellom kommunane. Kommunar med ei skatteinntekt under landsgjennomsnittet får kompensert 60 % av forskjellen mellom eiga skatteinntekt og landsgjennomsnittet. I tillegg vil kommunar som har skatteinntekt under 90 % av landsgjennomsnittet få ein tilleggskompensasjon på 35 % av forskjellen mellom eigne skatteinntekter og 90 % av landsgjennomsnittet. Gjennom denne utjamninga får Stad kommune auka skatteinntektene (inkl inntektsutjamninga) frå rundt 80 % av landsgjennomsnittet til om lag 94 % av landsgjennomsnittet. Dersom skatteinngangen til kommunane samla sett vert mindre enn føresett i statsbudsjettet, vert òg inntektsutjamninga mindre for dei kommunane som skal ha dette.

Skatteinntekter

Kommunen får hovuddelen av sine skatteinntekter frå det som vert betalt inn av forskotspliktige, dvs. vanlege lønsmottakarar og sjølvstendig næringsdrivande. Om lag 35,0 % av denne skattearten går til kommunane, medan resten fordeler seg på stat, fylkeskommune og folketrygda. Om lag 40 % av dei frie inntektene frå staten skal kome som skatteinntekt. Dersom skatteinntektene vert mindre enn føresett, får kommunane normalt ikkje kompensert for tapet. Likeins beheld kommunane skatteinntekter utover det som ligg til grunn i statsbudsjettet.

4.2.1 Statsbudsjettet 2020

Det er lagt opp til ein realvekst i dei frie inntektene for kommunane frå 2019 til 2020 med 1,3 mrd. Heile veksten går til primærkommunane. Veksten er rekna frå inntektsnivået i år som var lagt til grunn i revidert nasjonalbudsjett. Pårekna meirskatt etter dette, kr 4,2 mrd., er med andre ord ikkje med i samanlikningsgrunnlaget frå i år.

Pårekna meirutgifter for primærkommunane i 2020 knytte til den demografiske utviklinga (frå unge til eldre) er kr 1,3 mrd. for tenester som må bli finansierte av dei frie inntektene.

Vidare skal veksten i dei frie inntektene også medverke til:

- Styrke tidleg innsats i grunnskule
- Betre tilbod til rusavhengige

I veksten ligg også innlemming av øyremerka tilskot til:

- psykologar i dei kommunale helse- og omsorgstenestene
- dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens
- etablering og tilpassing av eigen bustad
- tidleg innsats i skulen gjennom auka lærarinnslat på 1.–10. trinn

Det er ein pårekna prosentvekst frå 2019 til 2020 i frie inntekter for kommunane samla i Vestland som er lik den pårekna prosentveksten for kommunane samla i landet. Pårekna vekst frå 2019 til 2020 er 2,2 prosent både for kommunane i Vestland samla og for kommunane i landet samla. Frå 2020 blir det 43 kommunar i Vestland. 23 kommunar ligg likt eller over landsgjennomsnittet, medan 20 kommunar ligg under.

Skatteoppkrevjaren over til staten

Skatteoppkrevjarfunksjonen består av tre hovudområde:

- fellesinnkrevjing av inntekts- og formuesskatt, trygdeavgift og arbeidsgjevaravgift
- arbeidsgjevarkontroll mot lønsområdet hos arbeidsgjevarar i kommunen
- føring av skatterekneskapen

Regjeringa føreslår at dette vert flytta til staten og at dette vert koordinert med tilstøytande og til dels overlappande oppgåver hos Skatteetaten. Overføringa skal fordelast over alle dei statlege skattekontora i landet. Skattekontoret på Eid skal tilførast 5 årsverk i samband med denne flyttinga. Overføringa vert gjort

som verksemどoverdraging med verknad frå 1. juni 2020. Skatteoppkrevjarkontoret for Gloppe og Stad har fire årsverk som Stad kommune har arbeidsgjevaransvar for. Disse vil få tilbod om stilling hos Skatteetaten. Denne saka vil ein kome nærmare tilbake til utover vinter/vår 2020.

Rammetilskot, inntektsutjamning og skatteinntekter

Tabellen nedanfor syner totalsum for frie inntekter for 2020 og økonomiplanperioden ut frå det som ligg i statsbudsjettet presentert 7. oktober 2019.

(1000 kr)	2020	2021	2022	2023
1 Rammetilskot	-314 752	-317 152	-319 552	-321 952
2a Inntektsutjamning	-37 933	-37 933	-37 933	-37 933
2b Skatteinntekt	-249 607	-249 607	-249 607	-249 607
3 Sum frie inntekter frå staten	-602 292	-604 692	-607 092	-609 492
4 Kommunereforma - Reformstønad 2021	-5 400	0	0	0

Stad kommune er rekna å få kr 602,3 mill. Dette er ein auke på 2,0% samanlikna det Eid og Selje hadde i 2019 og justert for grensejusteringa. Snittet i S og Fj har ein auke på 2,2%. Årsak til veksten ligg i samla endring av folketal og samansetning av dei 28 kriteria som inngår i utgiftsutjamninga. Nøyaktig oversikt på kriteria i utgiftsutjamninga får vi ikkje før KS er klar med oppdatert prognosemodell.

Dei siste 10 åra har kommunane hatt ein reell vekst i dei frie inntektene på gjennomsnittleg 1,8 % pr. år. Det er venta at denne veksten må halde fram når ein ser på utfordringane kommunane set med. Kommunedirektøren har difor lagt inn ein vekst i rammetilskotet på kr 2,4 mill pr år for åra 2021-2023, som tilsvrar om lag 0,7 % i årleg realvekst.

Kommunereforma – reformstønad

Stad kommune får utbetalt reformstønad på kr 5,4 mill som eit eingongstilskot i januar 2020. Tilskotet er siste del av den samla utbetalinga knytt til kommunenesamanslåinga. Tilskotet er differensiert etter innbyggjartalet i den nye kommunen. Reformstønaden vert utbetalt utan ytterlegare søknad frå kommunane. Beløpet kjem i tillegg til rammetilskotet og skal nyttast til å få den nye kommunen i drift i 2020. Tilskotet inngår difor i det ordinære driftsbudsjettet til kommunen.

Distriktstilskot

Distriktstilskotet skal ivareta kommunar i Sør-Noreg med svak samfunnsutvikling. Det blir gitt til kommunar som har ein distriktsindeks på 46 eller lågare. Skattenivået må ha vore under 120 prosent av landsgjennomsnittet i gjennomsnitt for dei siste tre åra, for at kommunen skal få tilskot.

Den eine delen av tilskotet blir gitt med ein sats per kommune, og den andre delen av tilskotet blir gitt med ein sats per innbyggjar. Begge delane av tilskotet blir gradert på grunnlag av distriktsindeksen slik at lågare indeks gir større tilskot.

Distriktstilskot og småkommunetilskot inngår som ein del av rammetilskotet. Fordelinga av tilskotet skjer ut frå ein distriktsindeks utrekna av SSB. Denne blei oppdatert i 2016 for bruk i inntektsåret 2018. Departementet har nytta den same distriktsindeksen som i inntektssystemet for 2019, oppdatert med tal for 2018. Tilskotet blir rekna ut ifrå talet på innbyggjarar per 1. januar 2019.

Distriktsindeksen skal vere eit uttrykk for graden av distriktsutfordringar i ein kommune. Indeksen byggjer på indikatorar som sentralitet, reiseavstand, befolkningstettleik, befolningsstruktur- og utvikling, status for arbeidsmarknaden og inntektsnivå. Desto høgare indeks, desto mindre distriktsutfordringar.

Stad kommune får kr 9,7 mill gjennom distriktsindeksen. Til samanlikning fekk Eid kommune kr 3,2 mill gjennom dette tilskotet i 2019, medan Selje kommune fekk kr 5,7 mill gjennom småkommunetilskotet (under 3000 innbyggjarar), samla kr 8,9 mill i 2019.

Skjønnsmidlar

Kvar fylke får årleg ei ramme for skjønnsmidlar gjennom statsbudsjettet. Fylkesmannen gjer fordelinga av midlane. Tidelte skjønnsmidlar inngår i rammetilskotet. I fylkesmannen sitt brev til kommunane om fordeling av skjønnsmidlar for 2019, finn vi m.a. at disse kriteria er lagt til grunn:

- Kompensasjon for bortfall av differensiert arbeidsgjevaravgift
- Sosiale kriterium inkl ressurskrevjande brukarar
- Kommunar med ein vanskeleg økonomisk situasjon
- Kommunens inntektsgrunnlag
- Kommunens utgiftsbehov
- Midlertidige ordningar
- Samla vurdering

Stad kommune er for 2020 blitt tildelt kr 2,5 mill i skjønnsmidlar, ut frå ei samla vurdering. Dette er same beløpet som Eid og Selje fekk til saman i 2019. Fylket fekk samla ein nedgang på ramma for skjønnsmidlar pr kr 5,3 mill i 2020, tilsvarande ein nedgang på 3,3%. Tilskotet inngår i rammetilskotet.

Regionsentertilskot

Tilskotet går til mellomstore kommunar som har vedteke å slå seg saman, og som etter samanslåinga får meir enn 8000 innbyggjarar. Tilskotet er fordelt med ein sats pr samanslåing, og ein sats pr innbyggjar. For 2020 får Stad kommune kr 3,9 mill i tilskot gjennom denne ordninga. Samla fekk Eid og Selje kr 3,7 mill i 2019. Tilskotet inngår i rammetilskotet.

4.2.2 Rentekompensasjon for investeringar

Rentekompensasjon skuleanlegg

Frå 2002 vart det vedteke at kommunar som fornya gamle skular eller bygde nye skular skulle kunne søke om å få dekt rentekostnaden ved ei slik investering. Det vart vedteke ei maksimal investeringsramme for kvar kommune. Både Eid og Selje har nytta ordninga. Rentekompensasjon er berekna ut frå nedbetalingstid på 20 år inkl 5 år avdragsfritt. Kompensasjonen er rekna til kr 450.000,- for 2019.

Kompensasjonstilskot til omsorgsbustader

For bygging av omsorgsbustader får kommunen eit årleg tilskot pr. bustad som tilsvarar rente og avdrag på eit serielån i husbanken på kr 565.000,- med 30 års løpetid. Det er bygt slike bustader både i Eid og i Selje. Det er rekna at kommunen får kr 1,6 mill,- i kompensasjonstilskot for 2020.

I tillegg får kommunen kompensasjonstilskot for 4 omsorgsbustader i Kjølsdalen, drifta av stiftinga Kirsebærhagen. 83 % av det gjennomsnittlege tilskotet vert årleg betalt ut til drift av disse bustadane. Resten vert sett av til eit eige disposisjonsfond med føremål å dekkje utbetaling på gjennomsnittet når det direkte tilskotet kjem under gjennomsnittet. Dette er vedteke av kommunestyret i Eid i sak 20/00. Pr 31.12.18 var dette fondet på kr 423.520,-. I 2018 blei det betalt ut kr 6.165,- frå fondet for å halde det årlege tilskotet på 83% av gjennomsnittet.

(1000 kr)	2020	2021	2022	2023
Rentekomp. skuleanlegg-1 Eid	-120	-100	-80	-60
Rentekomp. skuleanlegg-2 Eid	-200	-170	-140	-110
Rentekomp. Skuleanlegg-3 Selje	-130	-110	-90	-70
5 Sum komp. Skuleanlegg	-450	-380	-310	-240
Kompensasjon omsorgsbustadar Eid	-610	-580	-550	-520
Kompensasjon omsorgsbustadar Selje	-1 000	-950	-900	-850
6 Sum kompensasjon omsorgsbustadar	-1 610	-1 530	-1 450	-1 370

4.3 Andre tilskot

Flyktningtilskot

Kommunane får eit integreringstilskot som generelt statstilskot for kvar flyktning/asylsøkjarar kommunen tek i mot. Tilskotet pr flyktning er høgst fyrste året og vert så gradvis trappa ned over ein periode på 5 år. Kommunen er difor avhengig av å motta nye flyktningar kvart år for å halde oppe tilskotet. På grunn av statleg innstramming knytt til innvandring, får ikkje kommunane lenger tildelt flyktningar som tidlegare år. I utrekninga av tilskot i komande økonomiplanperiode er det lagt til grunn mottak av 20 flyktningar pr år. Flyktningtilskotet blir då om lag som vist i tabell nedanfor.

(1000 kr)	2020	2021	2022	2023
7 Flyktningtilskot	-25 000	-17 500	-15 500	-15 500

Om lag 60 % av flyktningtilskotet vert nytta til drift av flyktningtenesta og EM-tiltaket, medan 40 % går til generell styrking av den kommunale tenesteytinga. Det er ei veldig stor utfordring for kommunen sitt budsjett at dette tilskotet har ein nedgang frå kr 43,4 mill i 2017 til kr 15,5 mill i 2022.

Ressurskrevjande teneste til enkeltpersonar

Kommunane får refusjon frå staten for kostnadskrevjande teneste som er ytt til enkeltpersonar. Ressurskrevjande teneste kan vere heimesjukepleie, praktisk bistand, miljøarbeid, osv. For 2019 blir lønsutgifter til tiltak utover kr 1.361.000,- til ein tenestemottakar, refundert til kommunen med 80 % av utgiftene. Dette vert også lagt til grunn for 2020. For 2020 er det i denne ordninga budsjettert med samla refusjon frå staten på kr 29,2 mill. Inntekta vert ført under den enkelte avdeling/rammeområde der utgifta oppstår.

4.4 Andre finansielle postar

Utbyte frå eigarskap i Sogn og Fjordane Energiverk AS og konsesjonskraftinntekt frå Tussa Energi AS

Sogn og Fjordane fylkeskommune har sin eigardel/aksjar i Sogn og Fjordane Energiverk AS (SFE) plassert i Sogn og Fjordane Holding AS. Etter at Sogn og Fjordane fylkeskommune har vedteke å dele ut 80% av aksjane som fylkeskommunen eig i Sogn og Fjordane Holding AS, vil Stad kommune eige 371280 aksjar i SFE, tilsvarande 4,79% eigardel. Gjennomsnittleg dei åtte siste åra har SFE betalt ut utbyte på ca kr 10,- pr aksje. Dersom vi legg dette til grunn for dei komande år, vil det utgjere eit årleg utbyte på kr 3,7 mill til Stad kommune.

SFE - eigarfordeling aksjar	Fordeling 01.01.2019	Frå Sfj-Holding	Ny fordeling 01.01.2020	Eigardel Prosent
BKK	2 850 413	0	2 850 413	36,80%
Kinn	359 306	413 089	772 395	9,97%
Sog og Fj Holding	3 834 904	-3 067 924	766 980	9,90%
Sunnfjord	5 962	574 941	580 903	7,50%
Gloppen	267 577	150 092	417 669	5,39%
Stad	122 023	249 257	371 280	4,79%
Sogndal	0	345 503	345 503	4,46%
Bremanger	191 243	110 970	302 213	3,90%
Askvoll	114 471	98 724	213 195	2,75%
Stryn	0	174 527	174 527	2,25%
Årdal	0	139 242	139 242	1,80%
Luster	0	138 324	138 324	1,79%
Høyanger	0	118 056	118 056	1,52%
Fjaler	0	93 804	93 804	1,21%
Vik	0	92 005	92 005	1,19%
Gulen	0	85 580	85 580	1,10%
Lærdal	0	82 440	82 440	1,06%
Aurland	0	75 336	75 336	0,97%
Hyllestad	0	68 029	68 029	0,88%
Solund	0	58 005	58 005	0,75%
Sum	7 745 899	0	7 745 899	

Vidare har Stad kommune ein fast kvote konsesjonskraft som vert seld til Tussa Energi AS. Verdien på denne varierer ut frå prisen i kraftmarknaden. For 2020 er det lagt til grunn ein salsverdi på kr 50.000,-.

Utbyte frå Eid Industrihus AS – for vidarebetaling til Eid Industrihus KF

Eid Industrihus KF har ansvar for alle næringstiltak på eigedomssida i Stad kommune. Føretaket kjøper, opparbeider og sel næringsareal. Vidare driv selskapet bygging, ombygging og utleige av bygningsmasse. I påvente av sal av næringsareal eller utleige av bygg, vil føretaket måtte betale rente og avdrag på lån som ikkje har tilsvarannde inntekt. AS-et har ikkje lenger eigedomar i sitt eigarskap, men set att med midlar som kan betalast ut som utbyte til Stad kommune. Pr 31.12.2018 utgjorde denne resvaren kring kr 4,0 mill.

For at Stad kommune skal sleppe å betale eit driftstilskot til selskapet i denne perioden, blir det i staden betalt ut eit utbyte frå Eid Industrihus AS til Stad kommune som eigar. Dette blir direkte vidarebetalt som tilskot til Eid Industrihus KF, og har soleis ikkje budsjetteffekt for Stad kommune.

Midlar til kommunen frå Okla/Vestavind Kraft AS

Den 23.06.2016 blei det inngått samarbeidsavtale mellom Selje kommune og Vestavind Kraft AS. I denne avtalen er det teke inn at Vestavind Kraft skal betale ein årleg kompensasjon til Selje kommune, gjeldande frå oppstart av anleggsarbeidet. Kompensasjonen skal utgjere 7 promille av investeringskostanden. Det er gjort ei foreløpig kalkyle på at dette skal gje eit årleg tilskot på om lag kr 1,1 mill når prosjektet er ferdig utbygd. Det er foreløpig ukjart kor langt dette prosjektet vil være komt i 2020. Det er difor berre lagt inn $\frac{1}{2}$ tilskot i 2020, noko som også kan vere for høgt.

Midlar til kommunen frå havbruksfondet

Det er oppretta ei eiga nettside for havbruksfondet, med følgjande nettadresse:
<https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Tema/Havbruksfondet>

I innleiinga på denne nettsida står følgjande:

«*Stortinget besluttet i 2015 at det skal opprettes et havbruksfond. Fra og med 2016 skal 80 prosent av inntektene fra framtidig vekst i oppdrettsnæringen fordeles gjennom Havbruksfondet til kommunal sektor (kommuner og fylkeskommuner). Fiskeridirektoratet er ansvarlig for utbetalingene.*

Ved fordeling av midlene skal Fiskeridirektoratet legge til grunn klarert lokalitetsbiomasse, slik det går frem av Akvakulturregisteret 1. september kl. 12.00. Først i oktober får kommunene og fylkeskommunene utbetalt pengene.

Alle kommuner og fylkeskommuner, som det framgår av Akvakulturregisteret at har klarerte lokaliteter for oppdrett av laks, ørret og regnbueørret i sjøvann, får en respektiv andel av inntektene som skal fordeles årlig. Jo høyere andel av lokalitetskapasiteten den enkelte kommune/fylkeskommune står registrert med i Akvakulturregisteret, dess større andel av midlene som skal fordeles vil tilfalle dem».

På havbruksfondet si nettside ligg det også ei oppstilling som viser kva den enkelte kommune fekk utbetalt i oktober 2018. Selje kommune fekk utbetalt kr 7,3 mill.

Til samanlikning fekk Selje kommune utbetalt kr 148.266,- i 2017.

Det er ikkje kjent i kva storleik kommunane får utbetalingar frå havbruksfondet i 2019. I pressemelding frå Nærings- og fiskeridepartementet den 10.09.2019, kan vi lese følgjande: «En mindre andel av kommunenes inntekter, tilsvarende om lag 390 millioner kr, utbetalas først i 2019. Disse midlene skal fordeles mellom kommuner hvor det er klarert nye lokaliteter for oppdrett de siste to årene. Ettersom det ble utbetalt midler fra denne potten i 2017, er neste utbetaling i 2019».

Det er truleg at Selje kommune vil få utbetalt minimum kr 1,5 mill frå havbruksfondet i 2019.


Korleis dette blir for 2020 og utover er ukjent pr i dag.

Avkastning frå "aktiv forvaltning"

Eid kommune har plassert kr 73.000.000,- til forvaltning hos to eksterne forvaltarar. Midlane kjem frå sal av kommunen sine aksjar i Firdakraft AS og Eid Energi AS. Forvaltarane kan plassere inntil 45 % av midlane i aksjar/aksjefond. Resten skal vere plassert i sikrare verdipapir/innskot. I gjennomsnitt har forvaltarane hatt ei plassering på om lag 35 % i aksjar/aksjefond. Resten hovudsakleg i obligasjonar i norske finansinstitusjonar. Eid kommune har ikkje teke ut all likviditeten ved tidlegare års avkastning, slik at pr. 01.01.19 hadde porteføljen ein verdi på kr 113.959.505,-. Avkastninga er likevel brukt i rekneskapen for kvart år. Frå og med 2001 til og med 2018 har det vore ei avkastning på gjennomsnittleg 5,0 mill i året, tilsvarande eit snitt på 5,28 % pr. år.

Sidan 2009 har avkastninga i prosent pr. år vore som følgjande:

År	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
%avkastning	14,64	8,34	-2,95	7,89	11,06	6,63	5,04	1,98	6,96	-3,33



Kommunelova og forskrift om kommunane sin finansforvaltning fastslår at det ikkje er lov for kommunane å ta vesentleg finansiell risiko ved plassering av midlar, som kan virke inn på den kommunale tenesteytinga på kort sikt. Det vil seie at dersom kommunen plasserer midlar i produkt som kan ha store svingingar vedkomande avkastning, må kommunen ha bufferfond for å kunne takle eventuell manglande avkastning ved årsslutt i forhold til budsjett. I 2001 og 2002 måtte kommunen legge fram rekneskap med underskot på grunn av manglande avkastning i forhold til budsjett og manglande bufferfond til å dekke tapet med. I 2008 brukte kommunen kr 14,8 mill frå bufferfond for å dekke manglande budsjettet avkastning og i 2011 måtte det brukast kr 9,4 mill frå bufferfond for å dekke manglande avkastning det året. I 2018 blei det ei negativ avkastning på kr 3,9 mill, medan det var budsjettet med ei positiv avkastning på kr 7,0 mill. Dette utgjorde eit samla «tap» i budsjettet på kr 10,9 mill.

Hittil i 2019 (pr. 30.09) er avkastninga på pluss kr 7,1 mill, med eit budsjett på pluss kr 6,8 mill for 2019. Avkastninga er i åra 2020-2023 lagt inn med kr 4,0 mill pr år. Dette er ei nokså høg avkastning, spesielt fordi renteavkastninga no er låg. Med utgangspunkt i kr 100 mill plassert, fordelt 65/35 rente/aksje, vil aksjemarknaden måtte gje ei avkastning på 8,6 % for at ein skal nå målet på kr 4,0 mill.

Eigedomsskatt frå bustad og fritidseigedom

Eid kommune innførte eigedomsskatt på bustader og fritidsbustader frå og med 2014, medan Selje kommune innførte på bustader og fritidsbustader i 2015. Begge kommunane brukar formuesgrunnlaget frå skatteetaten på bustadhús, og takserer nokre samansette bustader, våningshus på gard og fritidsbustader fordi disse ikkje har slikt formuesgrunnlag. For 2019 har begge kommunane ein skattesats på 3,0 promille.

Formuesgrunnlaget for eigedomsskatt for 2020 får ikkje kommunen oversendt frå Skattedirektoratet før i desember 2019. Slik sett er ikkje dette grunnlaget nøyaktig kjent for 2020. Dette grunnlaget får normalt ei årleg prisjustering ut frå korleis prisane i bustadmarknaden har utvikla seg. Kommunen har for 2019 eit samla skattegrunnlag på kr 6,46 milliard. Av bustadeigedomane kjem om lag kr 4,9 milliard frå skatteetaten sitt formuesgrunnlag. Resten av bustadeigedomane og alle fritidsbustadane er taksert av innleigd takstfirma og godkjent av kommunen sin sakkunnige nemnd (politisk valgt). Lov om eigedomsskatt § 8 A-2 seier dette om verdifastsetjinga: «*Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp som ein må forvente at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal*». Dei takserte eigedomane i Stad har god margin opp til denne verdsetjinga.

Grunnlag 2019 og 3 promille:

Type egedomsskatt	Tal einingar	Sum grunnlag	Gj.sn. gr.lag	Skatteinntekt 3,0 promille
Bustad - formuesgrunnlag	2 619	4 981 696 000	1 902 137	14 945 088
Bustad - taksert	294	275 337 000	936 520	826 011
Fritidsbustad	772	395 494 000	512 298	1 186 482
Landbruk - bustad	781	780 547 000	999 420	2 341 641
Landbruk - fritid	5	3 125 000	625 000	9 375
Blanda bruk - bustad	17	27 021 000	1 589 471	81 063
Sum	4 488	6 463 220 000		19 389 660

Gjennomsnittleg skattegrunnlag pr bustad frå skatteetatens formuesgrunnlag er på kr 1,9 mill, medan gjennomsnittleg skattegrunnlag pr bustad på dei taksert bustadane er på kr 1,17 mill. Fritidsbustadane har eit gjennomsnittleg skattegrunnlag på kr 0,57 mill pr fritidsbustad.

Området som inngår i grensejustering frå Vågsøy (Nave, Maurstad, Bryggja og Totland) har også egedomsskatt frå tida i Vågsøy kommune. Her er bustadane og fritidsbustadane taksert og det er ikkje nytta skatteetaten sitt formuesgrunnlag. Takseringa er gjort for mange år sidan, og den er lågare enn i Stad kommune. Kommunen har fått godkjent ein frist på to år til å harmonisere egedomsskatten samla sett i kommunen. Dette vil etter planen bli gjort i løpet av 2020, slik at Stad kommune er harmonisert frå 01.10.2021.

For 2020 er det lagt fram i statsbudsjettet at maksimal skattesats for bustad og fritidsbustader vert redusert frå sju til fem promille. Det er også lagt fram at obligatorisk reduksjonsfaktor i formuesgrunnlaget frå skatteetaten skal aukar frå 20 til 30 %. Vidare skal takserte einingar ha ein reduksjonsfaktor på 30 %.

Effekten på egedomsskatten i 2020 vil bli ein reduksjon på ca kr 2,9 mill ved at formuesgrunnlaget vert justert ned med 10% og takserte einingar vert justert ned med 30%. Dette kan kompenserast ved ei justering i skattesatsen frå 3,0 promille til 3,5 promille. Dette er vist i tabellen nedanfor. Kommunedirektøren legg dette til grunn i budsjettetdokumentet.

Grunnlag 2020 og 3,5 promille:

Type egedomsskatt	Tal einingar	Sum grunnlag	Gj.sn. gr.lag	Skatteinntekt 3,5 promille
Bustad - formuesgrunnlag	2 619	4 483 526 400	1 711 923	15 692 342
Bustad - taksert	294	192 735 900	655 564	674 576
Fritidsbustad	772	276 845 800	358 609	968 960
Landbruk - bustad	781	546 382 900	699 594	1 912 340
Landbruk - fritid	5	2 187 500	437 500	7 656
Blanda bruk - bustad	17	18 914 700	1 112 629	66 201
Sum	4 488	6 463 220 000		19 322 076

Dette kan ein ikkje sjå på som ein auke i egedomsskatten, då dei fleste får tilnærma likt beløp å betale som året før. Justeringa er gjort for å halde den samla egedomsskatten til kommunen uendra.

Egedomsskatt frå verk og bruk eller anna næringseigedom

Korkje Eid kommune eller Selje kommune har gjort vedtak om innføring av egedomsskatt på verk og bruk eller anna næringseigedom. Dette er heller ikkje lagt inn som inntekt i økonomiplanen.

Med ei forsiktig berekning, kjem ein til at det burde vere realistisk med ei inntekt frå dette området på kr 4,0 mill pr år med ein sats på kring 2,5 promille.

Renteinntekter bankinnskot

Kommunen har normalt til ei kvar tid midlar ståande på bankkonto for betaling av løpende utgifter og frå ubrukte lånemidlar i påvente av framdrift på prosjekta som låna er tekne opp til. Med ein gjennomsnittleg saldo på kr 60 mill og ei rente på 1,5 % vil dette utgjere om lag kr 900.000,-.

(1000 kr)	2020	2021	2022	2023
9a Utbyte SFE + konsesj.kraftinntekt	-3762	-3762	-3762	-3762
9b Okla vindkraft	-550	-1100	-1100	-1100
9c Tilskot frå Havbruksfondet	0	0	0	0
10 Avkastning frå Aktivforvaltning	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
11 Eigedomsskatt bustad og fritidseigedom	-19 322	-19 750	-20 150	-20 550
12 Renteinntekt bankinnskot	-900	-900	-900	-900

1.5 Gjeld og finansutgifter

Lånegjeld

Stad kommune vil ha ei brutto lånegjeld på kr 1,127 milliard pr 31.12.2019 om lån som er vedtekne for 2019 blir teke opp før 31.12.2019. Brutto lånegjeld er inkl. ubrukte lånemidlar og vidareutlån. For 2019 er det vedteke lånepoptak på kr 25,8 mill i Eid kommune og kr 96,2 mill i Selje kommune. Om disse låna blir teke opp i 2019 vil disse kommunane ha h.h.v kr 793,2 mill og kr 335,4 mill i lånegjeld pr 31.12.2019. Dette gir summen på kr 1,127 milliard i Stad kommune. Ulikskapen mellom disse to kommunane er ikkje så stor pr 31.12.2019, når ein ser på at Eid er meir enn dobbelt så stor som Selje, både i foletal og brutto driftsinntekt.

Stad kommune har no ei lånegjeld på over 120% av brutto driftsinntekt, noko som er blant dei høgaste i kommune-Noreg målt i prosent av kommunen sin brutto inntekt. Landsgjennomsnittet ligg på om lag 100%. Dette gjer at Stad kommune må bruke ein større del av dei frie inntektene til å dekke rente og avdrag enn snittet av kommunane i landet. Dette går direkte ut over tenesteytinga, ved at ein har mindre midlar til løn.

Det kan argumenterast med at noko av lånegjelda går mot sjølvkostområda, og blir dekt inn av innbyggjarane. Men i samanlikningar mot andre kommunar har ikkje det argumentet noko verdi, sidan alle kommunar har slike investeringar.

Ved auke i lånerenta, får ein heller ikkje automatisk dekt inn dette på dei områda der ein har leigeinntekt. Dette fordi utleigeavtalene er knytt til ein indeks som ikkje tek i seg effekten av rentesvingingar.

Med bakgrunn i dette må ein no vere kritisk til nye investeringsprosjekt. Kommunedirektøren ynskjer difor at ein i komande økonomiplanperiode ikkje skal ta opp meir lån pr år enn det kommunen betalar i årlege avdrag. Ein ser då vekk frå låna på sjølvkostområda.

Både Eid og Selje vil ha mange investeringsprosjekt som er vedtekne i 2019 og tidlegare år, som ikkje vil vere oppstarta eller ferdigstilt pr 31.12.2019. Dette utgjer truleg verdiar på over kr 100 mill. Dette gjer at vi vil vurdere å utsetje dei vedtekne lånepoptaka for 2019 til vi kjem over i 2020. Det vil då bli laga ei oppstilling på kva prosjekt som vert overført til 2020, og disse vil få nytt vedtak om lånepoptak. Dette vil kunne spare kommunen opptil fleire millionar i avdrag i budsjettet for 2020. Vidare vil ein måtte vere kritisk til nye prosjekt i 2020 og utover, slik at ein får anledning til å gjere ferdig det som alt er vedteke.

Det vil vere veldig sunt for Stad kommune sin økonomi om ein tek eit par år med låge lånepoptak, for å få kontroll på dette i den nye kommunen.

Renter og avdrag på lånegjeld

Eid kommune ekskl kommunale føretak

(1000 kr)	2020	2021	2022	2023
13 Renteutgifter lån	27 049	25 923	24 797	24 234
14 Avdrag lån	36 355	36 356	36 358	36 359

(1000 kr)	2020	2021	2022	2023
26 Rentesats på innlån, %	2,4 %	2,3 %	2,2 %	2,2 %
27 Lånegjeld pr 31.12	1 127 045	1 127 089	1 127 131	1 127 172

Tabellane ovanfor syner kva lånegjeld kommunen vil ha ved utgangen av kvart år i økonomiplanen dersom lån blir teke opp i 2020-2023 med same beløp som betalte avdrag, og kva dette vil gje av rente og avdrag det enkelte år i planperioden. Det er lagt inn flytande rente etter prognose frå Kommunalbanken den 20.09.2019. Etter reglane i kommunelova om minste lovlege avdrag, så skal låna betalast ned minst like fort som forskriftsmessig bestemt avskrivningstid på anleggsmidlane det er teke opp lån til. Stad kommune har ei vekta restlevetid på kring 31 år på anleggsmidlane i balanserekneskapen. Lånegjelda skal då delast på 31 år, med like årlege avdrag. Vi vil gjere nærmere vurderingar på dette ved årsavslutninga for rekneskapen for 2020.

Lånegjeld inkl kommunale føretak (konsern)

Mange kommunar i landet har oppretta kommunale føretak innafor forskjellige område, der føretaket sjølv tek opp kommunale lån. Disse føretaka er etter kommunelova lagt direkte under kommunestyret, og skal føre eigen rekneskap (drift, investering, balanse). Føretaka rapporterer til KOSTRA (KommuneSTatRapportering) på lik line med kommunane. Lånegjelda til slike føretak viser ikkje i kommunen sin eigen rekneskap. Det er difor blitt meir fokus på konserntal gjennom KOSTRA og SSB, der alle kommunale føretak i ei kommune, blir kopla saman mot kommunen, og ein får ut KOSTRA-tal på «konsernnivå». Sidan kommunestyret og kommunen står ansvarleg for gjelda til dei kommunale føretaka, så er det viktig å synleggjere den samla lånegjelda på konsernnivå. Etter ny kommunelov er det pålagt med slik samla oppstilling frå 01.01.2020. Dersom føretaka skulle kome i ein situasjon der dei ikkje kan betale renter og avdrag utan å få underskot i rekneskapen, så er det kommunen som må inn å dekke ein slik underskot med overføring av driftstilskot. Dette kan føre til at kommunen må gjer umiddelbare kutt i eiga tenesteyting.

Lånegjeld er lagt inn i kvart enkelt selskap i samsvar med berekna lånegjeld pr 31.12.2019, og nye lånepoptak på same storleg som betalte avdrag i heile økonomiplanperioden.

(1000 kr)	2020	2021	2022	2023
Stad kommune	1 127 045	1 127 089	1 127 131	1 127 172
Eid Industrihus KF	105 233	105 233	105 233	105 233
Stad Fjordvarme KF	9 111	9 111	9 111	9 111
Sum	1 241 389	1 241 433	1 241 475	1 241 516

Eid Industrihus KF og Stad Fjordvarme KF vil begge ha eiga sak om årsbudsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 til handsaming i formannskapet den 28.11.2019.

4.6 Premieavvik pensjon

Kommunen får årleg faktura frå KLP og Statens pensjonskasse (lærarane) på pensjonspremie ut frå tariffesta avtale. Denne vert ført i kommunen sin driftsrekneskap. Vidare skal det gjerast ei gjennomsnittsbereking på kva den årlege langsiktige pensjonskostnaden for kommunen vil vere, såkalla aktuarbereking. Dette

vert gjort av forsikringsselskapa gjennom eit fastsett sentralt reglement og ligg ikkje til grunn for lokal påverknad. Vi får då fram eit årleg premieavvik (avvik mellom betalt premie og berekna pensjonskostnad), som også skal førast i driftsrekneskapen med motpost i balanserekneskapen kvart år, i tillegg til forfalt premie. Disse postane kjem fram i berekningane frå forsikringsselskapa. Premieavviket skal deretter førast tilbake i rekneskapen (ut av balansen) det neste året, eller i løpet av dei neste 15 åra med 1/15 kvart år. Kommunane vel sjølv kva alternativ som skal nyttast. Eid kommune har valgt å nytte 15 år på tilbakeføring av premieavviket. Dette for å få minst muleg variasjonar på det årlege beløpet. Dette var også hensikta då regelverket vart innført.

Sidan det har akkumulert seg opp vesentlege beløp som premieavvik i kommunane sin balanserekneskap dei siste åra, har departementet vedteke at frå og med 2011 skal premieavviket førast tilbake i løpet av 10 år, og frå og med 2015 i løpet av 7 år.

Premieavviket og årleg nettoutgift av tilbakeføring av premieavvik frå balansen (amortisert premieavvik) er samla rekna til å bli som vist i tabellen under. Pensjonsselskapa lagar prognose på premie og kostnad t.o.m. 2020. For åra 2021-2023 er utviklinga frå siste åra vidareført. Dette fordi vi ikkje veit korleis premien blir i forhold til kostnaden for disse åra. Det nøyaktige årlege beløpet for premie og premieavvik veit vi uansett ikkje før vi mottek aktuarberekingar i slutten av januar året etter rekneskapsåret.

	(1000 kr)	2020	2021	2022	2023
8 Premieawik og amortisert premieawik		-12 000	-10 300	-8 600	-6 900

4.7 Andre budsjettføresetnader

Lønsauke

Lønsauken for 2020 vert sett av på ein sentral pott under ansvar 800. Det er sett av midlar til å dekke ein årslønsvekst på 3,5 % i 2020, gjeldande frå 01.05.2020. Statsbudsjettet legg opp til ein lønsauke på 3,6%.

Prisjustering

Andre utgifter enn løn skal ikkje prisjusterast frå 2019 til 2020, med unntak av utgifter som vil bli regulert ut frå fastsette avtaler. På grunn av utfordringane med å få til eit balansert budsjett, har kommunedirektøren lagt til grunn at prisjustering ikkje skal gjerast for 2020.

Bygningsforsikring/bilforsikring

Fakturert beløp for 2019 + 5 %.

5. KOSTRA

Ordet KOSTRA står for KOmmune STat RApportering, og er ei årleg innrapportering kommunane gjer til staten via SSB. Sjå internettlink: <http://www.ssb.no/kostra>. Målet med KOSTRA er å kople saman tenesteproduksjonsdata (type teneste, tal produserte einingar, personalinnsats - årsverk/timar, brukarar m.v.) med økonomidata (utgift og inntekt pr. teneste). Dette vil gje informasjon om prioritering, produktivitet og dekningsgrad i høve til kommunen sine ulike brukargrupper. Gjennom denne rapporteringa vert det produsert nøkkeltal i tre nivå. Nøkkeltala er relevante for kommunen sin eigen styring. Her kan ein samanlikne kommunen med seg sjølv med utvikling år etter år, eller samanlikne med andre kommunar.

6. Konsekvensjustert oversyn

6.1 Tabell 1 konsekvensjustert budsjett 2020 – økonomiplan 2020-2023

STAD KOMMUNE - TABELL 1 Økonomiplan 2020-2023					
	10.10.2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022	Budsjett 2023
	Alle beløp i tusen kroner				
1	Rammetilskot	-314 752	-317 152	-319 552	-321 952
2a	Inntektsutjamning	-37 933	-37 933	-37 933	-37 933
2b	Skatteinntekter	-249 607	-249 607	-249 607	-249 607
3	Sum generelle frie inntekter	-602 292	-604 692	-607 092	-609 492
4	Kommunereforma - Reformstønad 2020	-5 400	0	0	0
5	Kompensasjonar investeringar grunnskule	-450	-380	-310	-240
6	Komp.tilskot omsorgsbustader	-1 610	-1 530	-1 450	-1 370
7	Tilskot flyktningar	-25 000	-17 500	-15 500	-15 500
8	Premieawik, premiefond	-12 000	-10 300	-8 600	-6 900
	Sum frie inntekter	-646 752	-634 402	-632 952	-633 502
9a	Utbyte + konsesjonskraftinntekt	-3 762	-3 762	-3 762	-3 762
9b	Okla vindkraft	-550	-1 100	-1 100	-1 100
9c	Tilskot frå havbruksfondet	0	0	0	0
10	Avkastning frå plasserte midlar	-4 000	-4 000	-4 000	-4 000
11	Eigedomsskatt bustad og fritidseigedom	-19 322	-19 750	-20 150	-20 550
12	Renteinntekter bankinnskot	-900	-900	-900	-900
13	Renteutgifter lån	27 049	25 923	24 797	24 234
14	Avdrag på lån	36 355	36 356	36 358	36 359
	Sum finanspostar	34 870	32 767	31 243	30 281
	Til fordeling drift	-611 882	-601 635	-601 709	-603 221
15	Sentraladministrasjonen inkl. politisk styring	56 019	56 019	56 019	56 019
16	Oppvekst og opplæring	212 728	212 728	212 728	212 728
17	Helse og omsorg	244 154	244 154	244 154	244 154
18	Areal og eigedom	51 819	51 819	51 819	51 819
19	Kultur og samfunn	53 605	53 605	53 605	53 605
20	Lønsauke 2020, 3,5% frå 01.05.2020	13 697	13 697	13 697	13 697
21	Tilskot Stad Fjordvarme KF	0	0	0	0
22	Tilskot Eid Industrihus KF (utbyte frå AS-et)	0	0	0	0
23	Utbyte frå Eid Industrihus AS	0	0	0	0
24	Tilskot Stad kyrklege fellesråd	8 770	8 770	8 770	8 770
25	Sum utgifter drift:	640 792	640 792	640 792	640 792
26	Resultat (minus er lik overskot):	28 910	39 157	39 083	37 571
27	Bruk av disposisjonsfond:	0	0	0	
29	Rente på innlån, %	2,40%	2,30%	2,20%	2,15%
30	Lånegjeld pr 31.12	1 127 045	1 127 089	1 127 131	1 127 172

Kommunane har dei ti siste åra hatt ein reell vekst i dei frie inntektene på gjennomsnittleg 1,8 % pr. år. Det er venta at denne veksten må halde fram når ein ser på utfordringane kommunane set med. Kommunedirektøren har difor lagt inn ein realvekst i rammetilskotet på kr 2,4 mill pr år for åra 2021-2023, som tilsvarar om lag 0,7 % årleg vekst.

7. Nærare oversikt frå rammeområda

7.1 Sentraladministrasjonen inkl politisk styring

(1000 kr)	2020
Brutto utgifter	80.381
Inntekter	-15.591
Sentraladm - Netto ramme	64.789
Herav løn inkl sos. utg	45.734

- Inkl. i utgiftene for 2020 ligg tilskot til Stad kyrkjelege Fellesrådet på kr 8.770.000,-, jf tab 1 pkt 24 under kap. 6 i dette heftet.
- Inkl. i inntektene for 2020 ligg kr 1,5 mill som momskompensasjon.

7.1.1 Kort om rammeområdet

Det er eit mål at sjølvre strukturen i utforming av velferdstenestene i Stad kommune er: *Samhandling og samarbeid*.

Stabsfunksjonane er svært viktige for alle nivå i organisasjonen. For å sikre drift og utvikling av ein heilskapleg organisasjon er det vesentleg å samle dei funksjonane som kan bidra til å styrke samordning og heilskapleg og effektiv drift og utvikling. Det vil difor vere tenleg å utvide talet stabsavdelingar til tre. Kommunedirektøren og kommunalsjefane må ha eit kollektivt ansvar for drifta av desse funksjonane, men kommunedirektøren vil vere nærmaste personalleiar for dei tre stabsleiarane. Dei tilsette må ha ein samla kompetanse som gjer det mogleg å gi fagleg støtte til alle sektorane. Oppgåvene til stabsfunksjonane må også sjåast i samanheng med styrking av leiing i dei store avdelingane/tenestene. Saksbehandling knytt til tenestene skal i all hovudsak skje i og mellom tenestene der avdelings-/tenesteleiarane er ansvarlege for utføringa. Ansvaret for interne støttetenester og levering av fellestjenester for kommuneorganisasjonen er i hovudsak lagt til følgjande tre stabsfunksjonane:

- Økonomi
- Personal og kommunikasjon
- Strategi og samordning

Tanken er at betre samarbeid med innbyggjarane og dei ulike aktørane vil gje eit betre og meir heilskapleg tenestetilbod. Ved val av tre stabsavdelingar, er det også lagt vekt på at meir av arbeidet vårt skal skje i ulike former for tverrfaglege team. Dei tre stabsområda skal samhandle tett med innbyggjarane og med dei ulike kommunalområda.

Denne organiseringa har m.a. vore handsama i omstillingsutvalet 04.09.2018 og i Fellesnemnda for Eid og Selje i sak 052/18 den 20.09.2018.

7.1.2 Forklaring på kva som inngår i rammeområdet

Ansvar	Teneste	Årsverk
100 Politisk styring	<ul style="list-style-type: none"> • Politisk styring: • Råd for personar med nedsett funksjonsevne • Revisjon • Kontrollutval • Eldrerådet • Ungdomsrådet 	1,5
100 Kommunedirektør	<ul style="list-style-type: none"> • 12001 Administrativ leiing Her inngår kommunedirektør og dei fire kommunalsjefane 	5,0

	Kommunalsjefane har ansvaret for den strategiske utviklinga av Stad kommune som tenesteytar, forvaltar, demokratisk arena og samfunnsutviklar saman med kommunedirektør og stabsleiarane. Kommunedirektør vil styrke det kollektive leiarskapet og kommunalsjefane skal dele på oppgåva som fungerande kommunedirektør i denne sitt fråvær, og representerer kommunedirektøren i sin kommunalsjefsfunksjon. Å være medlem i leiargruppa i Stad kommune inneber såleis at ein blir medlem av eit fast team der det blir forventa at alle medlemmene har ansvar for heilskapen, og at ein ikkje berre representerer eige communalområde. Når det er sagt, så vil den enkelte kommunalsjef ha det overordna ansvaret for sitt definerte communalområde, men sine formelle styringslinjer, budsjett- og personalansvar. Som strategisk leiar må du leie der «folka dine er» og vere i bevegelse ut frå situasjon og behov.	
111 Økonomiaavdeling	<ul style="list-style-type: none"> Økonomi, rekneskap: Budsjett, rekneskap, fakturering, innkrevjing kommunale krav, inng. fakturahandsaming, oppfølging eHandel, eigedomsskatt, grunnlag kommunale avgifter, vederlagsutrekning institusjon, forvaltning av bilpark, analyser og utgreiingar, finansforvalting, økonomioppfølging og rapportering, kurs- og kompetansestiltak, felles rapporterings- og styringssystem. <p>Tre av dei tilsette har oppmøtestad i det kommunale kontorbygget i Selje.</p> <ul style="list-style-type: none"> Felles skatteoppkrevjarkontor for Gloppen og Stad: Skatteinnkrevjing, arbeidsgjevarkontroll, skatterekneskap, informasjon og rettleiing. 4 årsverk er tilsett i Stad kommune, der ein av dei tilsette har oppmøtestad i det kommunale kontorbygget i Selje og tre har oppmøtestad på rådhuset på Nordfjordeid. 0,7 årsverk er tilsett i Gloppen kommune med oppmøtestad på Heradshuset på Sandane. 	9,8 4,0 (4,7)
112 Personal og kommunikasjon	<ul style="list-style-type: none"> Løn og personal Lønsarbeid, timelister, reiserekningar, avstemming, oppfølging stillingsinformasjon, sjukerefusjonar, årsarbeidsplan i helse/ressursstyring, rekruttering, overordna arbeidsgjevarpolitikk, reglar og reglement, helse-, miljø og tryggileik, bedriftshelseteneste, støtte i omstilling, arbeidsmiljøsaker og personalsaker. Dokumentsenter og informasjon Postmottak og e-postmottak, innsyn, skanning til fleire fagsystem, digitalisering, integrasjonar, ordning og avlevering av eldre arkiv, resepsjon og sentralbord, tilrettelegging for politisk arbeid, informasjonsarbeid, nettside, sosiale medier, innsamlingsaksjon, treff for tilsette og innbyggjarar. Frikjøp tillitsvalde og verneombod 	9,8 7,8 2,9
113 Strategi og samordning	<ul style="list-style-type: none"> Fokus på tverrsektorelt samarbeid knytt til IKT drift Digitalisering og effektivisering. Styringsverktøy, styringssystem og rutinar knytt til IKT. Rådgjeving og opplæring. Tryggingsarbeid: sikker og lovleg handsaming av personopplysningar. Prosjektleiing investering/drift 	3,4 3,4

	<p>Leie utbyggings- og utviklingsprosjekt frå planlegging til overlevering, fokus på samarbeid/ koordinering internt og eksternt, ENØK og miljø, sakshandsaming, utgreiing.</p> <ul style="list-style-type: none"> • IKT-Nordfjord Arbeider i Nordfjordnett. • Rådgjeving skule, barnehage, kultur Pedagogisk utviklingsarbeid, sakshandsaming, skule- og barnehageadm. system, heimeside, innkjøp. • Folkehelse, rådgjeving helse og omsorg Utviklingsarbeid, samfunnsmedisin, sakshandsaming, sekretær for råd. • Samfunnsplanlegging Overordna plan og planstrategi, organisasjonsutvikling. • PPT-Selje Inntil ny organisering av spesialundervisning frå 1.8.20. 	
115 Trus- og livssynssamfunn	Her inngår driftstilskot til Stad kyrkjelege fellesråd og andre religiøse organisasjonar	
Sum årsverk		56,6

7.2 Oppvekst og opplæring

(1000 kr)	2020
Brutto utgifter	232.191
Inntekter	-19.464
Oppvekst og opplæring - Netto ramme	212.728
Herav løn inkl sos. utg	183.881

- Inkl. i inntektene for 2020 ligg kr 1,13 mill som momskompensasjon.

7.2.1 Kort om rammeområdet

I rammeområdet for oppvekst og opplæring ligg avdelingane for barnehage, grunnskule og barnevern. Kulturområdet er flytta til kultur og samfunn.

7.2.2 Forklaring på kva som inngår i rammeområdet

Ansvar	Teneste	Årsverk
200 Oppvekst og opplæring Administrasjon	<ul style="list-style-type: none"> • 20100 Barnehage • 20200 Grunnskule • 21100 Styrking førskule • 22300 Skuleskyss 	
201	<ul style="list-style-type: none"> • Leikvang barnehage 	12,5
202	<ul style="list-style-type: none"> • Selje barnehage 	11,6
203	<ul style="list-style-type: none"> • Flatraket barnehage 	9,5
205	<ul style="list-style-type: none"> • Stårheim barnehage 	6,0
207	<ul style="list-style-type: none"> • Golvsgangane barnehage 	35,0
208	<ul style="list-style-type: none"> • Gjerdane barnehage 	12,8
221	<ul style="list-style-type: none"> • Stadlandet skule 	18,3
222	<ul style="list-style-type: none"> • Selje Skule 	24,4
223	<ul style="list-style-type: none"> • Flatraket skule 	8,0
225	<ul style="list-style-type: none"> • Stårheim skule 	9,2
226	<ul style="list-style-type: none"> • Haugen skule og barnehage 	12,6
227	<ul style="list-style-type: none"> • Nordfjordeid skule 	40,1
228	<ul style="list-style-type: none"> • Hjelle skule 	13,1
229	<ul style="list-style-type: none"> • Eid ungdomsskule 	33,3
240	<ul style="list-style-type: none"> • Barnevern 	9,5
Sum årsverk		255,9

7.3 Helse og omsorg

(1000 kr)	2020
Brutto utgifter	334.749
Inntekter	90.595
Helse og omsorg - Netto ramme	244.154
Herav løn inkl sos. utg	271.294

- Inkl. i inntektene for 2020 ligg kr 2,7 mill som momskompensasjon.

7.3.1 Kort om rammeområdet

Den nye organiseringa av kommunalområdet Helse og omsorg i Stad Kommune legg til grunn eins leiing på alle områder bortsett frå institusjonane Seljetunet og Hogatunet. Det betyr at leiarane for Helseavdelinga, Heimetenesta og Bu,- og miljøtenesta er leiarar for den totale tenesta i Stad kommune. Bakgrunn for val av organisering er frå starten av å etablere ein felles forståing og likskap i tenestene og å sjå heile Stad kommune under eit. Det vises elles til eigne rapportar som følgje av delprosjekt som har vore gjennomført i kommunenesamanslåingsprosessen.

Den interkommunale tenesta held fram med same organisering som før.

7.3.2 Forklaring på kva som inngår i rammeområdet

Ansvar	Teneste	Årsverk
300 Helse og omsorg administrasjonen		
301 Helseavdelinga	23200 - Helsestasjon	5,96
	23300 - Førebyggande helsearbeid inkl. frisklivssentral	0,90
	23400 - Aktiviserings og servicetenester inkl. TT - kort	0,50
	24100 - Legetenesta inkl. overgrepsmottak SMISO	11,29
	24101 - Fysio og ergoterapi	4,60
	24200 - Rådgjeving og sosial førebygging. Tilskot krisesenter	
	25600 - Akutthjelp døgnopphald	
	29019 - Interkommunal psykolog	1,00
Sum årsverk 301		24,25
311 Heimetenesta	23400 - Aktivisering og servicetenester. Tryggleiksalarmer m.m.	
	25401 - Heimetenesta – Selje / Stadlandet	19,81
	25402 - Heimetenesta - Bryggja	13,00
	25403 - Heimetenesta – Nordfjordeid. Samordna i Fossevegen	43,18
Sum årsverk 311		75,99
315 Bu,- og miljøtenesta	23401 – Støttekontakt. Samla for heile Stad kommune.	
	23404 - Lærings – og aktivitetssenter - Selje	2,30
	25302 - Barneavlastning Selje/Stadlandet	0,69
	25303 - Barneavlastning Nordfjordeid	1,02
	25405 - Vernepleien Stadlandet	10,33
	25406 - Vernepleien Selje (Kvia og Reidahaugen)	19,02
	25407 - Vernepleien Nordfjordeid Elvebøen (VP 1)	24,97
	25408 - Vernepleien Nordfjordeid Myroldhaug (VP 2)	16,18
	25409 - Psykisk helse og rus	22,12
Sum årsverk 315		96,63

321 Seljetunet omsorg og rehabilitering	23400 - Aktiviserings og servicetenester. Vask av tøy, matombringning	
	25300 - Helse/Omsorg institusjon	29,91
	25301 - Kjøkenteneste	3,50
	23402 - Dagsenter med aktivitør	0,80
	25400 - Helse/omsorg heimebuande	10,32
Sum årsverk 321		44,53
322 Hogatunet bu- og behandlingscenter	23400 - Aktiviserings og servicetenester. Vask av tøy, matombringning	
	25300 - Helse/Omsorg institusjon	46,01
	25301 - Kjøkenteneste	5,25
	23402 - Dagsenter med aktivitør	1,61
Sum årsverk 322		52,87
330 Interkommunale helsetenester	29010 - Nordfjord legevakt	0,75
	29011 - legevaktformidling	12,90
	29012 - Akutt hjelp døgnopphald	0,27
	29013 - Kreftkoordinator	0,50
Sum årsverk 330		14,42
SUM ÅRSVERK TOTALT HELSE OG OMSORG		308,69

7.4 Areal og eigedom

(1000 kr)	2020
Brutto utgifter	105.818
Inntekter	-53.999
Areal og eigedom - Netto ramme	51.819
Herav løn inkl sos. utg	44.571

- Inkl. i inntektene for 2020 ligg kr 6,2 mill som momskompensasjon.

7.4.1 Kort om rammeområdet

Rammeområdet omfattar 4 einingar:

- Kommunalteknikk
- Plan og forvaltning
- Brann, redning og førebygging
- Eigedom

Plan- og utviklingsavdelingane i Eid og Selje fekk felles leiing frå 01.01.2019. Frå 2020 vert deler av oppgåvene overført til Lokal samfunnsutvikling, og eininga endrar namn til Plan og forvaltning

Brann, redning og førebygging har hatt felles leiing frå 01.06.2019. Selje kommune har kjøpt feie- og tilsynsoppgåver frå Eid dette året. Tidlegare vart dette kjøpt frå Flora.

Einingane Kommunalteknikk og Eigedom vert etablert frå 01.01.2020, ved samanslåing av tilsvarande einingar i Eid og Selje

7.4.2 Forklaring på kva som inngår i rammeområdet

Ansvar	Teneste	Årsverk
411 Kommunalteknikk	<ul style="list-style-type: none"> • 28500 Utanom kommunal teneste – private vegar • 32000 Kommunal næringsverksem – forskottingar Nomil, slam og avfall • 33001 Hamn – avløp • 33002 Hamn – vederlag • 33003 Hamn - sakshandsaming • 33200 Kommunale vegar • 33201 Kommunale gatelys • 33500 Rekreasjon i tettstad – park og grønt, offentlege toalett • 34000 Produksjon vatn • 34500 Distribusjon vatn • 35000 Avløpsrensing • 35300 Avløpsnett • 35400 Tøming septik/slam – tap på krav • 35500 Handtering hushaldningsavfall –nedlagde avfallspllassar og tap på krav <p>Kommunalteknisk eining har fem tilsette med oppmøtestad i Selje. Dei andre har oppmøtestad Nordfjordeid Vi har vertskommunesamarbeid med Bremanger knytt til Eid hamneområde. Forvaltning etter Hamne og farvasslova vert forvalta av Nordfjord hamn i resten av kommunen</p>	15,65
412 Plan og forvaltning	<ul style="list-style-type: none"> • 30100 Plansaker • 30200 Bygge- og delesaker • 30300 Kart og oppmåling • 32900 Landbruksforvaltning – vertskommunesamarbeid med Gloppen • 32901 Veterinærkvert • 36000 Naturforvaltning og friluftsliv • 36001 Viltfond <p>To tilsette har oppmøtestad Selje, sju tilsette har oppmøte på Nordfjordeid.</p>	9,0
413 Brann, redning og førebygging	<ul style="list-style-type: none"> • 33800 Førebygging brann/ulykke • 33801 Feiring • 33900 Brannvesen og beredskap <p>40 tilsette i alt. Brannmannskap er ikkje teke med i årsverkstalet.</p>	4,75
414 Eigedom	<ul style="list-style-type: none"> • 12100 Forvaltningsutgifter eigedomsforvaltning • 13000 Administrasjonslokale • 19001 Kommunehusa • 19002 Uteseksjon • 19003 Reinhardsteneste • 19004 Driftsteknikarar • 19005 LA-bygget • 22100 Barnehagelokale • 22200 Skulelokale • 24100 Legetenesta • 26100 Institusjonslokale • 26500 Bustader eigne (momskomp) • 26502 Bustader eigne (ikkje momskomp) • 26502 Bustader leigde (ikkje momskomp) • 28300 Bistand til eigen bustad • 31500 Utbyggingsområde bustader • 32500 Tilrettelegging næring – utleigebygg • 37500 Museum 	34,43

	• 38100 Kommunale kulturbygg – Valhall, Operahuset, Frivilligcentralen 41 tilsette, av desse har 17 oppmøte i Selje og 26 på Nordfjordeid	
Sum årsverk		63,83

7.5 Kultur og samfunn

(1000 kr)	2020
Brutto utgifter	67.933
Inntekter	-14.327
Kultur og samfunn - Netto ramme	53.605
Herav løn inkl sos. utg	41.835

- Inkl. i inntektene for 2020 ligg kr 0,9 mill som momskompensasjon.

7.5.1 Kort om rammeområdet

Rammeområdet omfattar 4 einingar:

- Lokal samfunnsutvikling
- Kultur
- Arbeid og velferd (NAV)
- Opplæring og integrering

Kultur og samfunn utgjer eit av fire rammeområde i Stad kommune. Eid og Selje har begge tidlegare hatt tre rammeområde. Kultur og samfunn er såleis eit nytt rammeområde i høve til samanslåingskommunane si tidlegare organisering. Kultur og samfunn har det å bu, arbeide, drive næring i og besøke Stad som fellesnemnarar og overordna fokusområde.

Lokal samfunnsutvikling har base i Selje, og skal ta i vare eit breitt spekter av oppgåver innanfor samfunnsutvikling og lokaldemokrati. Denne eininga skal vere kontaktpunktet mot lag- og organisasjonar når det gjeld stadutvikling og idrett- og friluftsliv. Eininger tar i vare forvaltninga av kommunalt næringsfond og sakshandsaming knytt til kulturmiddlar og skjenkeløyve. For å nemne noko.

Kultureininga består av einingar som Operahuset, kino, kulturskule, bibliotek og frivilligcentral. Eid og Selje har hatt felles kulturskule sidan hausten 2018. Selje kommune fekk i 2019 oppretta Selje frivilligcentral, som saman med Eid frivilligcentral vil utgjere Stad frivilligcentral frå 2020.

Ansvarsområdet Arbeid og velferd (NAV) består av den statlege Arbeids- og velferdsetaten og dei delane av kommunen si sosialteneste som inngår i lokalkontoret. Inn under tenesta ligg også lærings- og arbeidssenteret (LA-bygget) på Nordfjordeid. Ein vil i løpet av 2020 vurdere kva ansvar lærings- og arbeidssentra skal ligge til i Stad kommune. NAV Stad er vertskommune for interkommunal gjeldsrådgjevar. Budsjettet for Stad kommune omhandlar den kommunale delen av NAV.

Eininga opplæring og integrering er sett saman av flyktningtenesta, tiltak for einsleg mindreårige (EM-tiltaket) og vaksenopplæringa.

7.5.2 Forklaring på kva som inngår i rammeområdet

Ansvar	Teneste	Årsverk
511 Lokal samfunnsutvikling	<ul style="list-style-type: none"> • 22300 Skuleskyss • 2300 Rådgjeving og sosial førebygging • 23100 Aktivitetstilbod barn og unge • 32000 Kommunal næringsverksemnd • 32500 Tilrettelegging næring • 32510 kommunalt næringsfond • 36000 Prosjekter som går ut over løpende forvaltnings-, verne- og tilretteleggingsoppgåver • 36500 kulturminneforvaltning • 37500 Museum • 37700 kunst- formidling • 38500 Andre kulturaktiviteter • 38000 Idrett og tilskot til idrett • 38500 Andre kulturaktivitetar 	6,1
512 Kultur	<ul style="list-style-type: none"> • 20200 Grunnskule • 23200 Rådgjeving og sosial førebygging • 23400 Aktiviserings- og serviceteneste • 37000 Bibliotek • 37300 Kino • 38300 Kulturskulen • 38501 Operahuset Nordfjord • 38502 Frivilligsentral 	17,81
513 Arbeid og velferd (NAV)	<ul style="list-style-type: none"> • 23403 Lærings og aktivitetssenter Nordfjordeid • 24200 Rådgjeving og sosial førebygging • 27600 Kvalifiseringsordninga • 28300 Bistand til eigen bustad • 29061 Interkommunal gjeldsrådgjevar 	10,75
514 Opplæring og integrering	<ul style="list-style-type: none"> • 21300 Vaksenopplæring • 23401 Støttekontakt • 24200 Rådgjeving og sosial førebygging • 27500 Introduksjonsordninga • 28100 Yting til livsopphald 	18,13
Sum årsverk		52,79

8. Balansert budsjett inkl. tiltak og endringar

8.1 Endringar og tiltak

Korrigeringar av konsekvensjustert budsjett

Konsekvensjustert budsjett blei sendt ut den 24. november og var til handsaming i finansutvalet og formannskapet den 31. oktober. Parallelt har strategisk leiargruppe for Stad kommune (kommunedirektør, kommunalsjefar og leiarar for stab) hatt arbeidsdagar der det har vore gjennomgang av budsjettet for å finne tiltak til redusert utgift eller meir inntekt. I denne gjennomgangen har ein også funne feil og nye opplysningar som ikkje var teke med i konsekvensjustert budsjett. Dette er teke inn i tabellen nedanfor:

Resultat frå konsekvensjustert budsjett, tabell 1 kap 6.1:	2020	2021	2022	2023
Resultat (minus er lik overskot)	28 910	39 157	39 083	37 571
Korrigering politisk budsjett	932	932	932	932
Korrigeringar sentraladministrasjonen	-2 190	-2 190	-2 190	-2 190
Korrigeringar innafor Oppvekst og opplæring	-347	-347	-347	-347
Korrigeringar innafor Helse og omsorg	3 428	3 428	3 428	3 428
Korrigeringar innafor Areal og eigedom	-2 837	-2 837	-2 837	-2 837
Tilskot til Stad Fjordvarme KF	30	30	277	115
Korrigering tilskot til Stad kyrkjelege fellesråd	-167	-167	-167	-167
Ny sum konsekvensjustert budsjett	27 759	38 006	38 179	36 505

Forklaring til korrigeringar:

- Politisk budsjett er korrigert ut frå politisk organisering og reglement for møtegodtgjersle som blei vedteke i Stad kommunestyre den 24. oktober, og ut frå forslag til politisk møtekalender for 2020.
- Sentraladministrasjonen er korrigert for:
 - Endra tilskot til Nordfjordnett (kr -1,3 mill)
 - I statsbudsjettet er det forslag om at Skatteoppkrevjarkontoret skal over til Staten frå 01.06.2020, og kommunane er trekt i rammetilskotet for dette. Redusert utgift frå 01.06.2020 var ikkje lagt inn i konsekvensjustert. Dette utgjer kr -1,0 mill. Endeleg vedtak på dette blir truleg gjort når statsbudsjettet blir vedteke på Stortinget i desember 2019.
 - Andre mindre korrigeringar er lagt inn med auke på kr 0,1 mill
- Oppvekst og kultur: her er endra utgift og inntekt på nokre skular/barnehagar, samla redusert med kr -347.000,-.
- Helse og omsorg:
 - Husleigeinntekt overført til areal og eigedom, kr 1,3 mill
 - Korrigert utgift innafor fleire avdelingar pga feil grunnlag i lønsbudsjettet, auka utgift med kr 2,4 mill
- Areal og eigedom:
 - Husleigeinntekt overført frå helse og omsorg, kr -1,3 mill
 - Korrigeringar innafor sjølvkostområda, meirinntekt om lag kr -1,5 mill
- Stad Fjordvarme KF: Treng tilskot i samband med oppstart av fjordvarmeprosjekt i Selje og på Leikanger. Blir betalt tilbake når selskapet får anlegga fullt opp å gå med abonnentar
- Stad kyrkjelege fellesråd har laga ferdig budsjettet som syner kr -167.000 lågare enn det som var lagt inn i konsekvensjustert

Endringar og tiltak for å redusere ubalansen i budsjettet:

Resultat frå konsekvensjustert, justert for korrigeringar :	2020	2021	2022	2023
Resultat (minus er lik overskot)	27 759	38 006	38 179	36 505
Endring fellespostar:				
Flykningtilskotet	-800	-2 500	-2 700	-3 500
Avkastning plasserte midlar	-2 000	-1 000	-1 000	-1 000
Tilskot frå havbruksfondet	-2 000	-4 000	-4 000	-4 000
Avdrag på lån	-3 200			
Renteinntekt lokale bankinnskot	-800			
Tiltak i rammeområda:				
Sentraladministrasjonen	-1 500	-1 500	-1 500	-1 500
Oppvekst og opplæring	0	0	0	0
Helse og omsorg	-1 300	-1 825	-1 825	-1 825
Areal og eigedom	-1 600	-1 600	-1 600	-1 600
Kultur og samfunn	-2 750	-2 750	-2 750	-2 750
Sum endringar og tiltak	-15 950	-15 175	-15 375	-16 175
Rest ubalanse fordelt på rammeområda	11 809	22 831	22 804	20 330

Flykningtilskotet: Stad kommune har no fått oppmøding om å ta imot 25 flyktingar i 2020. Dette er no lagt til grunn i heile økonomiplanperioden, dvs mottak av 25 flyktingar årleg. I konsekvensjustert budsjett var det lagt til grunn 20 flyktingar årleg i planperioden.

